

Loddebestanden ved Island - Austgrønland - Jan Mayen er i god forfatning og har gjeve eit jamt og høgt uttak i seinare år.

#### Fisket

Tabell 3.5.1 viser fisket av lodde i området Island - Austgrønland - Jan Mayen delt på nasjonar og sesongar for perioden 1994 til 2003.

#### Utrekningsmetodar

Denne loddebestanden vert overvaka ved hjelp av akustiske metodar, men bestandsvurderinga er meir komplisert enn for loddebestanden i Barentshavet. Dette kjem av at tre ulike tokt (i august, oktober-november og januar) vert brukt for til saman å gje eit komplett bilete av totalbestanden. Det tyder at ved starten av fiskesesongen, som byrjar i juli og varer til gyttinga i februar, har ein ikkje eit heilt bilete av bestandssituasjonen. Det blir difor nytta modellar for å framskrive bestanden, og det blir tilrådd ein førebels kvote (som er 2/3 av venta endeleg kvote), basert på denne framskrivinga. Denne kvoten vert så justert når undersøkingane om hausten og vinteren er tilgjengelege.

#### Bestandsgrunnlaget

Den modnande delen av 2001-årsklassen, saman med den delen av 2000-årsklassen som ikkje gytt i 2003, vil utgjere det viktigaste grunnlaget for fisket hausten 2003 og vinteren 2004. Årsklassen 2000 synest vera noko svakare enn gjennomsnittet over siste tiårsbolken. Det same gjeld 2001-årsklassen. Den fiskbare delen av bestanden synest difor vera noko mindre enn i føregåande år.

#### Reguleringar

Reguleringane for denne bestanden tar sikte på at minimum 400.000 tonn lodde skal vera att for å gyta etter at fisket er slutt.

ACFM rådde i mai 2003 til ein førebels kvote for 2003-2004-sesongen på 555.000 tonn. Ein slik førebels kvote er sett til 2/3 av venta kvote, basert på tilgjengeleg materiale om våren. Basert på islandske undersøkingar utover hausten blir difor vanlegvis denne førebels kvoten justert oppover, dersom dei nye undersøkingane stadfestar dei første. Undersøkingane hausten 2003 gav ikkje eit komplett bilete av bestanden si utbreiing og mengde. Tabell 3.5.2 viser tilhøvet mellom tilrådd TAC, avtalt TAC og faktisk fangst av lodde ved Island - Austgrønland - Jan Mayen. Merk at det islandske kvotåret ikkje følgjer kalenderåret, men går frå juli eine året til juni neste år.



LODDE - *Mallotus villosus*

**Gyteområde:** På kysten av Nord-Troms, Finnmark og Kola.

**Oppvekstområde:** Barentshavet.

**Beiteområde:** Frå Svalbard og austover i Barentshavet.

**Alder ved kjønnsmodning:** 3-5 år.

Vert sjeldan meir enn 20 cm lang og eldre enn 5 år.

**Biologi:** Namnet har lodda fått fordi hannen får ei stripe av hårete skjel langs sida i gytetida, då kallast han gjerne fakslodde. Hoa er utan denne stripa og kallast sil-lodde. Lodda er cirkumpolar nord for polarsirkelen. Lodda er kjønnsmoden ved alder 3-5 år, etter kor fort ho har vakse. Det meste av lodda dør etter å ha gytt første gongen. Lodda gyt egga på botnen, og egga limer seg fast til sand og grus. Dei vert klekte etter om lag ein måned, og larvane driv ut i dei sørlege og austlege delane av Barentshavet. Før dei er 10-12 cm et lodda mest raudåte, men krill vert ein viktigare del av dietten jo større lodda vert.



**Tabell 3.5.1**

Lodde ved Island - Austgrønland - Jan Mayen. Fangst (tusen tonn).  
Landings of capelin (thousand tonnes) from the Iceland - East Greenland - Jan Mayen area.

	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003 <sup>1</sup>
<b>Island</b>										
vinter	550	540	708	775	457	608	761	762	901	585
sommar	211	176	474	536	291	83	127	150	180	
totalt	761	715	1182	1311	748	691	888	912	1081	
<b>Noreg</b>										
vinter	15	0	0	1	0	15	11	0	5	0
sommar	98	28	208	157	88	27	80	107	119	69
totalt	113	28	208	158	88	42	91	107	124	69
<b>Færøyane</b>	14	0	18	37	42	20	62	20	28	40
<b>Andre</b>	2	3	82	60	60	25	43	44	26	23
<b>Totalt</b>	890	746	1499	1566	937	777	1091	1083	1229	

Kjelder: ICES, Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet i Reykjavik.

<sup>1</sup> Førebels tal.

**Tabell 3.5.2**

Lodde ved Island - Austgrønland - Jan Mayen. Tiltrådd TAC, avtalt TAC og aktuell fangst.  
Capelin from the Iceland - East Greenland - Jan Mayen area. Recommended TAC, given TAC and landings.

	1998/99	1999/00	2000/01	2001/02	2002/03	2003/04
<b>Tiltrådd TAC</b>	1200	1000	1090	1325	1000	555 <sup>1</sup>
<b>Avtalt TAC</b>	1200	1000	1090	1325	1000	
<b>Fangst</b>	1104	927	1074	1227	938	

<sup>1</sup> Førebels kvote for hausten 2003, som er 2/3 av venta totalkvote for heile sesongen.

### Summary

The capelin stock in the Iceland - East Greenland - Jan Mayen area is at a relatively high level and has been stable for several years. The year classes that presently contribute to the spawning component of the stock are below medium strength, and

the recruitment seems to be below average. This stock is regulated with a target escapement strategy leaving 400,000 tonnes to spawn. A preliminary TAC of 555,000 tonnes is set for the autumn part of the 2003-2004 season. This TAC is 2/3 of the anticipated TAC for the whole season.

## Gode spørsmål – og svar... ?

► **Kan fisken lukte og smake?**

Ja, fisken kan både lukte og smake. Men dei kjemiske signala (som lukt og smak reagerer på) vert raskt fortynna i vatn, så desse sansane spelar truleg mindre rolle for fisk enn for landdyr. Lukte- og smakssansen spelar likevel ei viktig rolle i samband med matleiting. Laksen brukar også luktesansen for å finne attende til

elva si for å gyte. Lukteorgana ligg i luktegroper på kvar side av snuten. Smaksorgana finst både i munnhola og i nokre tilfelle utanfor munnen. Torsken har til dømes smaksorgan både på skjeggtråden og på bukfinnane. Når torsken glir langs botnen og rører botnen med bukfinnane og skjeggtråden, "smakar han seg fram" til moglege bytte.